

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 7.september 2021

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 7.september 2021 kl. <u>17.00-19.00.</u>
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Kaffi:	Oddbjørg K. Løkling
Opning:	Ingebjørg Grønsdal

Innkalla: Oddbjørg K. Løkling, Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Marit S. Grimstad, Jørgen Knudsen (geistleg representant), Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

Forfall: Marit S Grimstad, Kristine Wiersen, Ståle Betten

SAKLISTE

2022/32- 012.1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent med denne endringa: flytta Prostdag 21.10 frå Referat og meldingar til Generell info.

2021/33 -012.1: Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 8.juni 2021

Vedtak: Godkjent

2021/ 34 - Godkjenning av ny ordning for gudstenesta i Nysæter sokn.

Saksutgreiing: Biskopen har mottatt lokal grunnordning for Nysæter sokn. Soknerådet fekk følgjande svar: « Det er gjort eit godt arbeid og de har sendt inn lokal grunnordning og ein oversiktleg normalagenda som ser ut til å vera felles for høgmesse og familiegudsteneste. Det er ikkje søkt om dispensasjon. Grunnordninga fylgjer i hovudtrekk Gudstenestebok for den norske kyrkja, men har nokre avvik som må korrigerast. Ein må vera merksam på at heile liturgien er revidert av kyrkjemøtet og ledd og kyrkjelydssvar som tidlegare var godkjent har vorte endra. Ordninga er godkjent når den er korrigert på nokre punkt. Sjå skriv i vedlegget.»

Vedtak: Soknerådet tek merknaden til vitande og sender ny ordning for gudstenesta i Nysæter sokn til endeleg godkjenning.

Referat og meldingar:

- o Møtebok Stord sokneråd:15.6.21
- o Møtebok Fellesrådet: 16.6.21
- o Idemyldring - ungdomsarbeid:03.6.21
- o Tankar frå jubileumskomiteen:8.6.21
- o Referat frå diakoniutvalsmøte 16.aug. 2021
- o Ref frå TOL-utv 2 stk:22.6 og 24.8.21

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 7.september 2021

Det vart i møtet gjeve uttrykk for ynskje om at Nysæter SR kunne gjere som Stord SR og ha eit infopkt. om kva som har skjedd i kyrkja sidan sist, og også ha ein samtale om kva som skal vere våre verdier.

Det vart informert grundig munnleg v/ Heine Kaldefoss frå arbeidet med jubileumsmarkeringa. Dette arbeidet er godt i rute.

Soknerådet tek orienteringane og merknadene til vitande.

Generell info:

- a. Basar 23.10: Marta Kristin orienterte. Ein er godt i rute. Treng folk til å selje lodd og til å bake og rydde til før og etter. SR stiller mannsterkt.
- b. Smittevern. Ikkje noko nytt i kyrkja sin vegleiar i det siste.
- c. Gudstenestene framover. Soknepresten orienterte om Strandryddedag og friluftsgudsteneste på Nautøy sundag 19.09, og om T6-dag 26.09
- d. Prostdagen i Sunnhordland 21.okt 2021 . Den einskilde melder seg på sjølv.
- e. Etter skuletid/ leksehjelp: Oddbjørg orienterte. Arbeidet har starta opp. Fyrste samlinga tok 18 elevar del.
- f. Felles kursdag 21.september om ny kyrkjeleg organisering. Den einskilde melder seg på sjølv. Det er sterkt anbefalt at flest mogleg tek del i kurset
- g. Prosess for høyring om kyrkjeleg organisering: 21.9 Stord Hotell

Soknerådet tek orienteringane og merknadene til vitande.

Odbjørg K Løkling
Nestleiar Nysæter Sr
Sign

Jørgen Knudsen
Referent
Sign

Neste møte i soknerådet vert 02.11 i Nysæter kyrkje kl. 17.00-19.00

Opning: Jørgen Knudsen
Kaffi: Karen Marie Valvatne